



Vestnes Kommune.

# Rådet for Funksjonshemma. Årsmelding 2017.

## Innleing

Rådet For Funksjonshemma i Vestnes har visjon om ein godt universelt utforma kommune innan 2025.

Lov om råd i kommunane for menneskjer med nedsett funksjonsevne vedteken av Stortinget 17.juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller anna representantsordning for menneskjer med nedsett funksjonsevne.

Heretter omtalast Rådet For Funksjonshemma som RFF.

RFF skal sørge for brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som har særlig betydning for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Vi har sett oss som mål at menneskjer med funksjonshemmning blir ivaretakne gjennom integrering, inkludering, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneskjer med nedsett funksjonsevne.

## Rådsmedlemmane

Namn	Representerer	Rolle
<b>Julie Stenes Leine</b>	Senterpartiet ( SP)	Leiar
<b>Per Gisle Enge</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Nestleiar
<b>Jon Bruseth</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Medlem
<b>Gunn Anita Valldal</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Medlem
<b>Heidi Landbakk</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Medlem
<b>Øyvind Granberg</b>	Arbeiderpartiet ( AP)	Vara
<b>Nina Kvernmo</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Vara
<b>Kjell Magne Nakken</b>	Brukarorganisasjonar ( BRO)	Vara



Bilete frå venstre: Nina, Gunn Anita, Julie, Per Gisle, Øyvind og Heidi.

## Arbeidet i 2017

I 2017 gjennomførte Fylkesrådet i Møre og Romsdal ei kartlegging av rammevilkår for kommunale råd for funksjonshemma. 30 kommunar deltok i spørjeundersøkinga. Resultatet av kartlegginga ga RFF i Vestnes ei oversikt over korleis vi som Rådsorgan gjennomfører jobben vi er sett til, samanlikna med dei andre kommunane. Som kva rolle vi har, involvering i kommunale saker og sette eigne saker på dagsorden.



7 Møte



38 Saker

RFF i Vestnes er eit av dei RFF i fylket som er flinkast til å sette opp eigne saker, i tillegg er vi godt inkludert i kommunale saker. RFF i Vestnes hadde 38 saker i 2017, fordelt på 7 møter. To av desse var orienteringsmøter saman med Eldrerådet i Vestnes. Dette gjer oss ein peikepinn på at vi er engasjerte i den jobben vi er sett til. Då vi skåra nesten opp mot 40 saker, og ligg i toppsjiktet i saksbehandling blant RFF som deltok i spørjeundersøkinga. I april 2017 ble RFF i Vestnes kommune vald som brukargruppe til NAV Vestnes.

#### **Utdeling av Årets Ros 2017 for Universell utforming, under Frivilligdagen**

Dei vart nominert av Mary Hofseth Rekdal som skreiv at dette er ei gruppe frivillige som kvar måndag arbeider på stien langs Flatevågen. Dei gjer ein stor innsats for at alle skal kunne bruke denne stien, enten dei sitt i rullestol, brukar rullator eller må ha stokk eller stavar for å komme seg fram. Ho skreiv vidare at ho er stolt over at nokre personar ein dag i veka satsar så mykje for at personar skal kunne komme seg ut i naturen å få glede av dette flotte området som vi har i kommunen. Den frivillige arbeidsgruppa ved sin ledar Finn Arne Roaldsnes har også gjort mykje for å integrere flyktningane som budde ved asylmottaket i Åslia i arbeidet med tilrettelegginga av vegen langs Flatevågen. Rådet for funksjonshemma var heilt einige i nominasjonen og vedtok samrøysta at Kråkvikas venner skulle få prisen. Prisutdelinga blei gjennomført på Frivilligdagen den 9. september.



Representantar frå Kråkvikas Venner under prisutdelinga Årets Ros 2017.

#### **Universell utforming – Medverke i plansaker.**

Dette gir rådet mulighet for innspel i all kommunal planlegging som er særlig viktig for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Eige reglement for rådets arbeid blei vedteke av kommunestyret i 2016. Rådet er orientert i større plan- og byggsaker, som bygging av nytt Helse- og velferdssenter.

Rådet behandler også innspel frå bebuarar i Vestnes og saker tatt opp av rådsmedlemmar.

#### **Kva vi har delteke på i 2017.**

#### **Fylkeskonferanse for RFF i Møre og Romsdal**

RFF i Vestnes kommune deltok på den årlege konferansen i Molde den 01.02 og 02.02.2017, alle fem faste medlemmer i RFF i Vestnes kommune deltok begge dagar. Fylkeskonferansen er eit møteføra der alle kommunale råd i fylket møtes til ideutveksling og fylkesrådet orienterer om viktige saker. Gode foredragshaldarar frå brukarsida, fylket og stat orienterte om kva det vil si å være funksjonshemma, høyringssaker og lovverk. Deltakarar: John Bruseth, Per Gisle Enge, Julie Slenes Leine, Heidi Landbakk og Gunn Anita Valldal.

## **ALV Møre og Romsdal, Brukargruppe**

Rådsmedlemmene stemte over utsendarar til brukargruppe i ALV Møre og Romsdal og brukarmedlemmane i brukargruppa er Julie Slenes Leine og Heidi Landbakk, som representerer RFF Vestnes Kommune. Det har vore to møter i 2017 i brukargruppa. Eit på Ålesund Rådhus den 23.03.2017 og eit på Skodje Rådhus den 05.09.2017.

## **Tur til NTNU Ålesund, Demoleilegheit for Velferdsteknologi.**

Den 09.06.2017 reiste 6 av 8 medlemmer i RFF i Vestnes kommune til demonstrasjonsleilegheita for velferdsteknologi ved NTNU Ålesund. Alle medlemmer i RFF fikk muligheita til å delta under møtet. Leder for ALV Møre og Romsdal demonstrerte ulike variantar av velferdsteknologiske løysingar som Smarthus løysingar og Velferdsteknologiske løysingar som har komme på markedet. Tone fortalte om nye løysingar som er under utarbeiding. ALV Møre og Romsdal er opptekne av brukarressursar, og GAP- modellen der individets ressurs og samfunnsressursar skal møtast og fylle gapet mellom individ og samfunnets normer og forventningar til brukaren.

Møtet var utrolig lærerikt for begge parter. Rådsmedlemmene kom med ideutveksling om eiga erfaring om velferdsteknologi som Tone og teamet kunne dra nytte av i det vidare arbeidet.

Deltagarar frå RFF var : Øyvind, Julie, Nina, Heidi, Per Gisle og Gunn Anita.



Bilete: Tone ( ALV), Per Gisle, Øyvind, Gunn Anita, Heidi og Nina. Ein kjekk gjeng.



Bilete : Gunn Anita og Tone utvekslar erfaring om kjøkkenløysingar. Smarthus løysing, demo.

### Kjelder:

ALV- Arena for læring av velferdsteknologi. Møre og Romsdal. <http://www.alv-moreogromsdal.no/>

Barne-, likestillings-og inkluderingsdepartementet. 2016. *Regjeringens handlingsplan for universell utforming 2015- 2019*. Oslo.

NOU 2016: 17. 2016. *På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming*.

Rådet for Funksjonshemma. 2018. *Kommunale Råd for Funksjonshemma i Møre og Romsdal- Kartlegging av rammevilkår 2017- Møteinkalling*.13.02.2018- Referatsak.Vestnes Kommune: Vestnes. <http://37.44.190.150/eInnsyn/Dmb>ShowDmbDocument?mId=806&documentTypeId=MI>

Vestnes kommune. 2016. *Gjennomføring av møte i kommunale organ i Vestnes Kommune.* [http://www.vestnes.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/1432/epdd\\_id/4136](http://www.vestnes.kommune.no/getfile.aspx/document/epcx_id/1432/epdd_id/4136)